



Aksel Valen
Valagjerdet 15
5355 KNARREVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5926 - 14/19770


Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
02.09.2014

Trong for meir tilleggsdokumentasjon i saka - gbnr 81/10 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.07.2014, samt tilleggsinformasjon 19.08.2014.

Ved nærare gjennomgang av plangrunnlaget, ser vi at eigedommen dykkar ikkje er omfatta av reguleringsplanen «Risøy strandplan. Del av gnr. 81 bnr. 1 og 2». Vi ber om orsak for dette. Vi ser at det er god grunn til å misforstå planen. Eigedommen ligg innanfor området for kommunedelplanen for Lindåsosane som ikkje er vedteke enno. Inntil vidare er det «Kommuneplan for Lindås kommune 2003-2014» som gjeld.



Utklipp frå «Kommuneplan for Lindås kommune 2003-2014» som syner at den omsøkte eigedommen ligg innanfor område avsett til fritidsbustader.



Området er satt av til fritidsbustader. Tiltaket bryt ikkje med det gjeldande plankravet, jf. føresegnar for «Kommuneplan for Lindås kommune 2003-2014» punkt 2.4 som syner retningsliner for eksisterande byggeområde. Men tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjøen, og krev difor dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 1-8.

Søknaden er difor ikkje fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, og vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn ein dispensasjonssøknad med grunngjeving, jf. pbl § 19-1.
2. Dispensasjonen må nabovarslast og gjenpart sendast til kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.10.2014**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aksel Valen

Valagjerdet 15 5355

KNARREVIK